



**SUKESS MED SAUEULL:** For to år sidan starta Stig Ove Jacobsen opp Meland antirust, der han mellom anna tilbydde antirust-behandling ved hjelp av lanolin frå saueull. No utvidar han, og startar saman med Erlend Titland opp Bergen antirust i Åsane.

ARKIVFOTO

Gründeren bak Meland antirust utvidar og flyttar selskapet til Åsane

# Startar nytt selskap

**Stig Ove Jacobsen frå Meland Antirust og Erlend Titland i Motorsenteret startar opp Bergen antirust AS i Åsane.**

ELINE KIRKEBØ  
eline.kirkebo@nordhordland.no

- No ligg vi midt i smørauget, med kjempestort lokale på nes-ten 500 kvadratmeter. Det er ganske stort, samanlikna med dei 50 kvadratmetrane vi hadde på Rossland.

Det fortel Stig Ove Jacobsen som for to år sidan starta opp Meland Antirust - ei verksemad som tilbyr antirustbehandling ved hjelp av olje frå saue-ull.

## - Går så det susar

- Det har gått så det susar. Eg har aldri hatt så mykje arbeid i heile mi karriere, seier Jacobsen som tidlegare har drive med sandblåsing, sveising og måling.

Han fortel at kundar har køyrt både frå Bergen og Sotra og andre stader for å få lanolin-behandla bilane sine på Rossland. Men no håpar han på endå fleire kundar.

Saman med Erlend Titland, butikksjef på Motorsenteret i

Knarvik, startar dei no opp ak-sjeselskapet Bergen Antirust AS. 2. mai opnar dei i lokalene i det gamle Teiglandbygget i Åsane. Titland held fram i sin daglege jobb i Motorsenteret, men Jacobsen tar med seg dei til tilsette i Meland antirust til Åsane.

**Folk var gjerne litt skeptiske i byrjinga, men plutselig har det smelt.**  
**STIG OVE JACOBSEN**  
gründer Bergen antirust AS

## - Trur på fleire kundar

- Vi trur vil få endå fleire kundar her. Vi kjem litt nærmere folk. Sjølv om mange tok turen til Rossland, var det litt vanskelegare. Særleg med tanke på lastebilar, seier Jacobsen og fortel at dei i dei nye lokalene også kan ta i mot store køyretøy.

- Selskapet skal drive med det same som Stig Ove dreiv med i Meland, berre i mykje større skala. Her kan vi behandle lastebilar, bobilalar og også *fleire* bilar, skyt Titland inn.

## Aukande etterspørsel

Jabosen og Titland har nyleg annonseret opninga av den nye



**SAMARBEID:** Erlend Titland, butikksjef på Motorsenteret i Knarvik, går inn som investor og styreleiar i Bergen antirust AS.

ARKIVFOTO

verksemda, og allereie førre veka fylte dei opp med bestillingar ut første veka etter opninga i mai. Og dei to har sterkt tru på at behandlinga med olje frå saueull stadig blir meir populær.

- Folk var gjerne litt skeptiske i byrjinga, men plutselig har det smelt. Men framleis er det ikkje alle som har hørt om denne typen behandling, og

det er ganske nytt her i Åsane. Folk frå landet veit gjerne litt meir om kva lanolin er, men det betyr berre at vi må reklamere endå betre for dette.

## Håp om fleire tilsette

Førebels har dei ikkje tilsett fleire enn dei som allereie jobba i Meland antirust, men på sikt håpar dei på såpass mykje arbeid at dei kan tilsette endå flei-

re.

- Bilar rustar jo som aldri før. Det blir berre meir og meir salta, og kombinert med det fuktinge været her, er dette eigentleg det verste klimaet ein bil kan hamne i, meiner Titland.

- Vi vil gjerne skape fleire arbeidsplassar, slår Jacobsen fast.